

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Sluttrapport med prosjektrekning:  
Digitalisering og publisering av skipsteikningar  
frå Voldnes Skipsverft

IKA Møre og Romsdal IKS

1.	Innleiing og bakgrunn .....	3
2.	Erfaring etter berging og innhenting .....	3
3.	Prosjektgjennomføring .....	5
4.	Digitalisering .....	7
5.	Formidling .....	9
6.	Økonomi.....	11
7.	Avslutning .....	11



## 1. INNLEIING OG BAKGRUNN

Dokumentasjon av dei maritime næringane og det maritime clusteret i Møre og Romsdal er første prioritet i bevaringsplan for privatarkiv i Møre og Romsdal. Privatarkivplanen vart publisert i 2017. Arbeidet med privatarkiv skjer i samarbeid både med museum og private organisasjonar.

Maritime næringar har alltid vore i endring, og framleis har fylket den største klynga av marin næringsverksemd i landet og er blant dei største i verda. Clusteret har oppstått gjennom eit samspel mellom fiskeri, fisketilvirkning og -eksport, skipsbygging, utstyrsleverandørar, reiarar, oljeverksemd og ikkje minst ein stadig innovasjon.

Målsetjinga er å få publisert på nett dokumentasjonen av maritim næring. Dette er ein del av publiseringsstrategien til privatarkivverksemda i IKAMR. Vi tar som mål av oss å få digitalisert skipsteikningar frå fartøybyggjarane i fylket. Ein liten del er gjort, men svært mykje står at.

IKAMR sitt ønskje i dette prosjektet var å ordne, katalogisere, digitalisere og utarbeide omtale av skipsteikningar og foto i storformat og deretter publisere dei på plattformen til Kulturnett Møre og Romsdal.

### **Voldnes Skipsverft**

Voldnes Skipsverft var ein del av fiskerikonsernet Gerhard Voldnes i Fosnavåg på Sunnmøre. Konsernet var landets største privateigde fiskerikonsern på 1950- og 1960-talet. Ca. 1000 personar var tilsett der i sesongane fram til kring 1970. Skipsverftet var ein del av dette og det vart bygd i alt 63 skip – frå fiskebåtar til dei første supplybåtane for oljeverksemda. Voldnes skipsverft var ikkje blant dei største, men var ein del av eit konsern der dei same personane stod bak heile næringskjeda – fiskeri, fiskeforedling, skipsbygging, utstyrsutvikling, forskning og eksport.

Voldnes Skipsverft har bygget fleire typar av skip og båtar. Frå cabincruiser til store lasteskip og supplybåtar. Her er fleire lastebåtar, sjarkar og trålarar for fiske. Verftet er og kjent for å vere med på eventyret med bygging av supplybåtar. Av dei seks første som vart bygd i Norge vart 4 av dei bygd her, mens dei to siste vart bygd på Bolsønes Verft i Molde. Båtane er teikna av Fiskerstrand og Eldøy som heldt til i Ålesund. Arkivet etter Fiskerstrand og Eldøy vart i 2013 redda av IKAMR (står no uordna ved IKAMR).

Voldnes Skipsverft vart nedlagt i 1998 og IKAMR vart kontakta. Arkivet vart vurdert som viktig for å dokumentere det maritime clusteret i Møre og Romsdal. Arkivskapa med teikningar vart difor henta og frakta til IKA Møre og Romsdal der dei har blitt oppbevart uordna i nesten 10 år.

## 2. ERFARING ETTER BERGING OG INNHENTING

Fokuset då arkivet kom til IKAMR var å berge arkivet. Sjølv ved type «redning av arkiv», må ein nytte seg av arkivfagleg kompetanse inn i arbeidet. Det er viktig at ein ser samhengane mellom ulike seriar i arkivet. På Voldnes mangla for eksempel inngong til teikningsarkivet. Register og teikningsprotokollar manglar. Dette har garantert eksistert, og er viktig å ta inn ilag med ei slik samling med teikningar. Denne mangelen har gjort tilgangen til materialet meir komplisert.

Det hadde også vore ein stor fordel om tidlegare tilsette ved Voldnes, t.d. skipsingeniør som har skapt teikningsarkivet, hadde vore intervjuar om arkivet.



Fotograf: Ottar A.B Anderson / IKAMR.



### 3. PROSJEKTGJENNOMFØRING

Prosjektet skulle vere ferdig 31.12. 2018. Prosjektet tok lengre tid enn planlagt og vart ferdig i april 2019.

Framfinning for digitalisering har vore arbeidskrevjande som følgje av at det ikkje følgde med noko register.

For kvar båt er det eit stort tal på skipsteikningar som er arkivert etter eit lokalt system. I tillegg er det utført fleire store ombyggingar og reperasjonar ved verftet. Desse har vi ikkje prioritert i digitaliseringa.

Det har vore 63 båtar i porteføljen til skipsverftet. Sju av desse båtane vart aldri bygd. Vi har identifisert 29 av båtane og digitalisert skipsteikning. Som oftast har det vore Generalarrangement. Til samtlige av desse 29 båtane har vi skaffa foto som vi har lånt med Robert Voldnes som tilhørde familiebedrifta. Foto av båtane er digitalisert og publisert.



Fotograf: Ottar A.B Anderson / IKAMR.

Arkivet er registrert i Asta og publisert på Arkivportalen. Arkivhistorikk er lagt inn samt at nybygg har fått båtnamn i Asta slik at de kan søkast fram. Arkivet etter Voldnes hadde mange lause teikningar som har vore teke ut av sin plass i arkivet utan at kvitteringskort er lagt på den plass teikninga vart teken ifrå. Det tek difor lang tid å identifisere kvart bygg eller ombygging og legge dei til rett prosjekt. Der ein ikkje klarer å finne ein id knytt til bygnummer vil dei teikningane samlast i ei felles arkivkasse merka med uidentifiserte teikningar.

Lenke til arkivportalen:

[www.arkivportalen.no/entity/no-IKAMR\\_arkiv\\_000000002482](http://www.arkivportalen.no/entity/no-IKAMR_arkiv_000000002482)

 **ika Møre og Romsdal**  
Arkiv og kulturformidling

P-00088 - Voldnes Skipsverft AS

1962

IKAM/P-00088

Der er ikkje bevart noko register eller teikningsprotokollar til arkivet. Heller ikkje ordrebøker. Dette kompliserte ordningsarbeidet. Teikningane på nybygga var arkiverte på byggnr etter formatet på teikninga. Teikningsarkivet bnr 1 - 43 var arkivert i teikningskap merka med bnr og format på teikning. Bnr 1 - 49 er pakka slik at korrespondanse og teikningar i A4-format ligg i same mappe, slik det opprinneleg låg i skuffene. A3-format, A2-format og A1-format er pakka slik at kvart bnr er lagt i mappe og boks merka bnr og format. Dersom ein vil sjå på alle teikningar på eit bnr må eit altså gå i ulike seriar og ulike boksar merka med det aktuelle bnr. Frå og med bnr 54 er alle teikningar bretta og arkiverte i A4-boksar, slik det opprinneleg var. Der vart også utført reparasjonsarbeid og/eller ombygging av eksisterande skip. Desse er opprinneleg arkiverte ilag, utan system. Slik er dei også pakka og merka. Der kan forekomme at der ligg teikningar frå eit bnr blant teikningane til eit anna bnr. Dette vil eg tru skuldast at teikningar brukte tidlegare kunne nyttast i eit seinare prosjekt.

**Klausulert (Begrensningsinformasjon)**

Fritt tilgjengelig (lesesalreglement ol.) (0 år)

## ▼ Detaljer

**Tilhører**Arkivinstusjoner: IKA Møre og Romsdal  
Arkiv: P-00088 - Voldnes Skipsverft AS**Aktører**

Arkivskaper: Voldnes Skipsverft AS

**Andre**

Publisert: 26. apr. 2019

## ▼ Hierarki

## ▼ P-00088 - Voldnes Skipsverft AS (3)

- ▶ R - Rekneskap (2)
- ▶ T - Teikningar (2)
- ▶ U - Diskettar (1)

## ▼ P-00088 - Voldnes Skipsverft AS (3)

- ▶ R - Rekneskap (2)
- ▼ T - Teikningar (2)
  - ▼ Ta - Teikningar og korrespondanse nybygg (5)
    - ▼ Taa - A4-format + korrespondanse (27)
      - L0001 - Nybygg 1 (Gevobulk) (0)
      - L0002 - Nybygg 1 (Gevobulk) (0)
      - L0003 - Nybygg 2 (Gevotank), 5 (Lysholmen), 6 (Lystind) (0)
      - L0004 - Nybygg 7 (Parisia), 8 (Francia) (0)
      - L0005 - Nybygg 9 (Gevostar) (0)
      - L0006 - Nybygg 10 (Kristian Ravn), 11 (Rig Pilot), 12 (Rig Sailor) (0)
      - L0007 - Nybygg 16 (Karina), 17 (Tustna), 18 (Remøy Viking), 24 (cabincruiser), 29 (Anta... (0)
      - L0008 - Nybygg 30 (Standby Pioneer), 31 (Standby Master), 34 (West Osprey), 40 (Salvbas), 42 (West Plover), 43 (West Tern), 4... (0)
      - L0009 - Nybygg 54 (Olga Nergård), 55 (Vestbas) (0)
      - L0010 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0011 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0012 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0013 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0014 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0015 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0016 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0017 - Nybygg 56 (Harhaug I) (0)
      - L0018 - Nybygg 57 (Sanco Sea) (0)
      - L0019 - Nybygg 57 (Sanco Sea) (0)
      - L0020 - Nybygg 59 (Øybard I) (0)
      - L0021 - Nybygg 59 (Øybard I) (0)
      - L0022 - Nybygg 59 (Øybard I) (0)
      - L0023 - Nybygg 59 (Øybard I) (0)
      - L0024 - Nybygg 59 (Øybard I) (0)
      - L0025 - Nybygg 59 (Øybard I) (0)
      - L0026 - Nybygg 60 (T Brochmann) (0)

## 4. DIGITALISERING

Val av digitaliseringsmetode / stasjon var avhengig av fysisk størrelse og papirkvalitet. Fleire teikningar trengte skånsamt fysisk press for at digitaliseringa skulle bli bra.



Digitaliseringsstasjon for store format som skipsteikningar og rapport frå analyse av kvalitet i digitaliseringa. Fotograf: Ottar A.B Anderson/IKAMR.

I digitaliseringa vart det nytta Phase One digitalt mellomformatkamera og blitslys med krysspolarisering og/eller fastlys (LED-lyskjelde). I arbeidsmetodikken følg vi gjeldande internasjonale standard ISO/TS 19264-1 Photography -- Archiving systems -- Image quality analysis -- Part 1: Reflective originals. Filene blir analysert for å avklare kvaliteten og her følges FADGI (Federal Agencies Digital Guidelines Initiative) kvalitet på minimum 3 stjerner. Det vil sei opptak i 1:1 i minimum 300ppi og innanfor gitte kvalitetskrav på skarpeheit, fargegjevning, toneomfang og belysning.

Dette for å sikre at sjølve digitaliseringa vil få eit så optimalt resultat som mogleg. Dei digitale filene vil i tillegg til publisering i arkivportalen kunne nyttas til reproduksjon av originalar til bruk i formidling.

Kvalitetskrav:

<http://www.digitizationguidelines.gov/guidelines/digitize-technical.html>

<https://www.iso.org/standard/64221.html>

Foto er innhenta frå Robert Voldnes og tatt ut av rammene og avfotografert. Mange av bileta har hengt i sterkt sollys og er falma. Fylkesfotoarkivaren har likevel valt å avfotografere samtlege. FylkesFOTOarkivet har lasta opp bileta som eige arkiv med arkivnummer: Fakf-1329.00037. Alle avfotograferingar er gjort i tiff og deretter redusert størrelse og lagra i jpg for opplasting på nett.















FAKF-101047

Søk

Avansert

Treff på 53 foto

 <p><b>FAKF-101047.353351</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>	 <p><b>FAKF-101047.353365</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>	 <p><b>FAKF-101047.353371</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>	 <p><b>FAKF-101047.353387</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>
 <p><b>FAKF-101047.353354</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>	 <p><b>FAKF-101047.353359</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>	 <p><b>FAKF-101047.360288</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>	 <p><b>FAKF-101047.353389</b> Test-opplasting, bila øverst er autentiske, slik dei var ved digitalisering. Bilde under er fargejusterte, meir eller mindre med autoval. (Bilde frå Gerh. Voldnes AS, Skipsverft i Fosnavåg.)</p> <p>📁 Båt. (uregistret, opplasta 06.12.2018)</p>
 <p><b>FAKF-101047.353374</b></p>	 <p><b>FAKF-101047.353378</b></p>	 <p><b>FAKF-101047.353388</b> Test-opplasting, bila øverst er</p>	 <p><b>FAKF-101047.353391</b></p>

Frå fotodataten til FylkesFOTOarkivet.





BYGG NR. 43  
Levert 26. okt. 1985

STANDBY – RESCUE VESSEL " WEST PLOVER "  
ABT 930 BR.T.  
Rederi: PEDER SMEDVIG A/S  
4000 Stavanger

VOLDNES SKIPSVERFT A/S  
6090 Fosnavåg

Avfotografert av: Ragnar H. Albertsen. <https://foto.fylkesarkivet.no/>

Lenke til digitaliserte foto av båtane frå Voldnes:

<https://foto.fylkesarkivet.no/?ShowAdvanced=true&ShowAdvanced=false&GlobalQuery=&Institusjon=&Kommune=&Distrikt=&CollectionAndPhotoNumber=&LokalSignatur=Fakf-1329&StadAdresse=&GardNrFrom=&GardNrTo=&Motiv=&Omtale=&DatertFrom=&DatertTo=&Fotograf=&Fornamn=&Etternamn=>

## 5. FORMIDLING

Forutan å digitalisere skipsteikningar og foto av skipa har ein nytta Fylkesfotoarkivet i Møre og Romsdal kor publikum kan sende inn informasjon og kommentarar. I FylkesFOTOarkivet har arkivet fått lokal signatur Fakf-1329.

Skip og båtar har stor interesse blant publikum. Det viser dei mange nettsider og facebookgrupper om dette temaet. Facebooksida Gamle og nye norske fiskebåtar har over 26.000 medlemmar.

IKAMR legg opp til formidling av digitaliserte skipsteikningar i eigen regional kulturdatabase db.ikamr.no. Dette valet var gjort før vi fekk kjennskap til Arkivverket som satsar på Digitalarkivet som nasjonal publiseringsplattform. IKAMR har hatt glede av å sitte i forprosjektet hos Arkivverket og har i mars 2019 også vert med på pilot og testing av Digitalarkivets publiseringsplattform. Ein fokuserte då spesielt på opplasting av digitalisert materiale. Vi fekk da moglegheita til å teste opplasting av skipsteikningar og ser at det vil fungere, men moglegheita for store zoombare filer kanskje ikkje kjem før om nokre år. Vi vurderer sjølv sagt å nytte Digitalarkivet til formidling av skipsteikningar dersom Departementet nå gir midlar og satsar på ein nasjonal publiseringsplattform. I mellomtida ligg dei i db.ikamr.no og der vil ein legge inn informasjon om verftet og kvar enkelt skip og båt.

Lenke til digitaliserte teikningar:

<http://db.ikamr.no/Maritim-Naering/Voldnes-Skipsverft-A.S>



Voldnes Skipsverft  
A.S.

← forrige 1 2 3 neste →



Antarctic  
Snurpertråler. Bygg  
nummer 29. Tegning:  
S00061.



Brattegg  
Sjøark 39 fot. Bygg  
nummer 28. Tegning:  
S10766



Cabincruiser  
Cabincruiser  
Generalarrangement.  
Bygg nummer 23.  
Tegning: S10360.



Gevotank  
Tankbåt. Bygg  
nummer 2. Tegning:  
002-100B-1



HSD 15 Kretteøy  
Transportskip.  
Generalarrangement.  
Bygg nummer 22.  
Tegning: VS.S00040



Hugo Trygvason  
Snurper. Bygg  
nummer 4.  
Generalarrangement.  
Tegning: 723-1



Ibis Seven  
Supply båt. Bygg  
nummer 15. Tegning:  
S10185



Karina  
Reketråler. Bygg  
nummer 16. Tegning:  
5496-01




Kjelsvik  
Tråler. Bygg nummer  
49. Tegning: S-00270



Kristian Ravn  
Tankbåt. Bygg  
nummer 10. Tegning:  
010-100-1

← forrige 1 2 3 neste →

Frå db.ikamr.no



Detaljzoom frå skipsteikning.

## 6. ØKONOMI

Ein søkte og fekk 150 000,- kroner frå Arkivverket. Totalt var prosjektet estimert med inntekter og utgifter på til saman 250 000,-.

I rekneskapen for 2018 og 2019 har dette prosjektet hatt eige objekt nummer 2034 for å skilje det ut av drifta til IKA. Slik har ein hatt kontroll på inntekter og utgifter. Sidan prosjektet drar ut i 2019 vert ikkje rekneskapen godkjent før neste år. Dvs. at vi har revisorerklæring som vert lagt fram på IKA Møre og Romsdal sitt eigarmøte i april 2020 for rekneskapsåret 2019.

### Budsjett

	Inntekter	Arbeid	Utgifter
Søknadssum	150 000	Ordning, framfinning	105 000
Eigeninnsats + ekstern finansiering	100 000	Digitalisering	60 000
		Publisering/foto	50 000
		Reiser, møter	20 000
		Materiell/utstyr	15 000
<b>Totale inntekter</b>	<b>250 000</b>	<b>Totale utgifter</b>	<b>250 000</b>

### Rekneskap

	Inntekter	Arbeid	Utgifter
Tilskot frå Arkivverket	150 000	Ordning, framfinning	131 000
Tilskot frå Næringshistorisk foreining	Ikkje mottatt	Digitalisering	23 000
		Publisering/foto	21 000
Eigeninnsats IKA	50 000	Reiser, møter	29 000
		Materiell/utstyr	8000
<b>Totale inntekter</b>	<b>200000</b>	<b>Totale utgifter pr. 30.04.2019</b>	<b>212 000</b>

Vi har dessverre ikkje mottatt tilskot frå Næringshistorisk foreining. Om desse midlane kjem i 2019 vil dei bli nytta til å arbeide vidare med dette arkivet.

## 7. AVSLUTNING

Midlane fra Arkivverket på kr 150 000 har vore viktig for prosjektet og i tillegg har ein lagt inn mykje eigeninnsats. I gjennomføringa av prosjektet ser ein og kor viktig Voldnes Skipsverft var i det maritime clusteret som fortsatt eksisterer i Møre og Romsdal.